

Over 30 turglade seniorar på veg til Mannsvatnet.

19.09.2018



Seniorgruppa i Kvinnherad Turlag samla ved Gamleskulne, klar for tur til Mannsvatn.

Klokka ti i dag var over 30 turglade seniorar i Kvinnherad Turlag klar for avgang til Mannsvatnet i Uskedalen. Frammøte og parkering var ved Grano i sentrum. Turen er lagt opp som ein rundtur med start på Haugland og retur over Langhaugane og Storhaug attende til sentrum. Turleiarar er Steinar Kroka og Helen Sandvik Røssland.

Seniorgruppa i Kvinnherad Turlag har faste turar annakvar onsdag. I tillegg kjem hytteturar på hausten og utanlandstur på våren. I turprogrammet er Seniorgruppa lagt inn med heile 17 turar, frå mars til ut oktober månad.



[Det vert lagt inn pause og informasjon om lagshytta Fjelly, som i 2017 kunne høgtida 100 års jubileum.](#)

Turen til Mannsvatn er ein middels krevjande tur med start på skogavegen på Haugland. Steinar Kroka fortel til Uskedalen.no at dersom veret er lagleg og det er interesse for det, går turen også innom dei restaurerte sela på Vatnastøl. Det vert truleg lagt inn ein matpause ved lagshytta Fjelly, som i fjor kunne høgtida 100 års jubileum. Heimturen går langs Mannsvatn, framom hytta til Pål Haugland til enden på vatnet. Her vert det kort stopp ved den nye demningen som regulerer Mannsvatnet før inntaksdammen som ligg litt lenger nede i elva. Turen mot Storhaug er vakker. Her er dei særmerkte moreneryggane på Langhaugane 600 moh. Det er sidemorenar med grus, stein og blokker som ligg att frå isen smelta. I ryggen finst det erosjonsspor etter smeltevatn frå breen som grov seg ned i dei. Dette landskapet er skildra i mange bøker og tidsskrift.

På Storhaug og vidare ned mot bygda er det mange vakre utstiktpunkt, både inn Hardangerfjorden og mot Rosendalsalpane, mot Tysnes, Os og Bergen og ut til Stord og resten av Sunnhordland.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Heimturen går over Langhaugane og Storhaug.